

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 033, TI - &23	14/3140

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
57/2014	Formannskapet	PS	27.08.2014
	Kommunestyret	PS	

KS si medverking i lokale og regionale prosessar i kommunereforma

Vedlegg:

Anmodning om kommunal og fylkeskommunal politisk behandling av KS medvirkning i lokale og regionale prosessar i en kommunereform

Saksopplysningar:

Bakgrunn

KS har i brev til kommunane i Hordaland dagsett 4. juli 2014 bede om at vi gjer vår tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale og regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

Landsstyret i KS har bedt fylkesstyra hente inn slikt mandat frå den einskilde kommune/fylkeskommune. Dette for å gjere det tydeleg at KS si rolle i kommunereformarbeidet er definert av kommunane.

Det går fram av Prop. 95S (2013-2014) Kommuneproposisjonen 2015 at alle kommunane i landet hausten 2014 vil bli inviterte til å delta i prosessar med sikte på å vurdere, og å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Fylkesmannen vil få ansvar frå regjeringa til å setje i gang desse prosessane. Regjeringa seier i proposisjonen at dei ynskjer at dei lokale prosessane vert gjennomført i eit samarbeid mellom fylkesmannen og KS regionalt, og varslar ein eigen invitasjon til KS om å delta i prosessen etter at Stortinget har handsama proposisjonen. KS mottok ein slik invitasjon frå Kommunal- og moderniseringsministeren 3 juli 2014.

KS vert styrt av medlemmane og ynskjer difor i denne saka å forsikre seg om at ein jobbar for medlemmane sine interesser. Difor vert denne invitasjonen sendt kommunar og fylkeskommunar.

Vurdering

Sjølve brevet der KS invitere medlemmane til å gje sin tilslutnad til KS sitt engasjement i saka om kommunestruktur gjer greie for grunngevinga og KS sit prinsipielle syn på kommunereform.

Folkehelse, er ikkje relevant i denen saka

Miljø, er ikkje relevant i denne saka

Økonomi, er ikkje relevant på noverande tidspunkt i denne saka

Konklusjon

KS har sett som føresetning at endringar i kommunestruktur må byggje på lokale prosessar og at KS ikkje skal vere pådrivar for dette. KS ynskjer å leggje til rette for lokale prosessar på medlemmane sine premisser, saman med fylkesmannen. Det er likevel medlemmane som avgjer kven dei vil ta initiativ til å samarbeide med.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune gjev sitt samtykkje til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

Formannskapet - 57/2014

FS - behandling:

FS - vedtak:

Meland kommune gjev sitt samtykkje til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

, den 15.07.2014

Ingvild Hjelmtveit
Rådmann